

## Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 25.02.10.

### SAKLISTE

- 01/10 FRITAK SOM MEDDOMMAR NORDHORDLAND TINGRETT
- 02/10 FORSLAG OM FREDING AV SELLEVÅG TRESKOFABRIKK - OFFENTLEG HØYRING
- 03/10 SAL AV HOVDEN 2 BUSTADFELT
- 04/10 DELTAKING I SELSKAPET KYSTVEGEN ÅLESUND - BERGEN
- 05/10 ÅRSRAPPORT FOR KOMMUNALT NÆRINGSFOND 2009

I tillegg kjem ei sak om nyval knytt til kontrollutvalet  
**Stad og tid: Gulasalen i kommunehuset, kl. 13.00.**  
Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i Ekspedisjonen, og på internett: [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)  
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Trude Brosvik  
Ordfører

## Ord frå ordføreren

Velkommen!

Kan det bli eit ord å bruke i det nye året?

Velkommen til Gulen! Velkommen til bygda vår!

Velkommen på skulen! Velkommen i barnehagen! Velkommen på jobb!

Eg trur at det å kjenne seg velkommen og møtt på ein god måte betyr mykje for kvar vi ønskjer å bruke tida vår, og endåtil kvar vi ønskjer å busette oss. Det er mykje snakk om omdømme.

Ei bygd som viser entusiasme, som tek tak i eiga utvikling og som "ønskjer velkommen" er ei attraktiv bygd! Der har eg lyst å vere!!

Det er nyttårsønsket mitt! At bygdene og kommunen i lag legg vinn på det positive og på å vere eit inkluderande "velkommen-samfunn".

Vi blir så gode som vi gjer kvarandre.

Godt nytt år frå Trude

## Husnummerskilt klare til utlevering

Gulen kommune kan no melde om at alle husnummerskilta er klare for utlevering.

Dersom du har valt å hente skiltet ditt sjølv kan du hente dette i ekspedisjonsavdelinga på kommunehuset.

Kommunen er òg i gang med å sende ut skilt til dei som har valt å få skilta sine tilsendt. Leveringstida kan nok variere litt, men du kan nok vente at det kjem i løpet av februar.



Vi har fått ein del spørsmål om plassering av skilta og kva reglar som gjeld for dette. Her er eit utdrag frå *Felles kommunale retningsliner etter delingslova*:

### § 2 Skiltplasseringa

- 1 Husnummerskilt og tilvisingsskilt som eigar/festar skal setja opp, skal plasserast slik at det er tydeleg kva for adresseeining nummeret gjeld for. Plasseringa skal vera slik at nummerskilt eller tilvisingsskilt er lett synlege heile året, også etter det er mørkt, frå fellesveg som fører til adresseeininga.
- 2 Skilta skal om råd, plasserast ca 2.5 m over bakken til venstre for eller over ytre hovudinngangsdør til adresseeininga. Der slik plassering ikkje er synleg, eller dårleg synleg frå fellesvegen, skal adresseskilt eller tilvisingsskilt vera plassert ved vegen som fører til huset som adressa er knytt til.

**Alarmtelefonen 116 111 for Barn og Unge** er ein gratis naudtelefon for born og unge. Den er åpen når barneverntjenesta er stengt.

I vekedagar er den open frå kl. 15:00 om ettermiddagane og til kl. 08:00 neste morgon. I helgane er telefonen åpen heile døgnet.

## KLAFF-informasjon

KLAFF er ei tverrfagleg gruppe av personar frå helsestasjon, barnevern og PPT (pedagogisk psykologisk teneste) som jobbar med barn og unge i Gulen kommune.

- Vi gjev **råd og rettleiing**.
- Vi har **teieplikt**.
- Tenesta er **gratis**.

Uroar du deg for eit barn eller ein ungdom i kommunen?

Dersom du har problemstillingar du ynskjer å drøfte med nokon, ta kontakt med ein av personane under.

Drøftingane er anonyme utan samtykke frå den det gjeld.

Vi har faste møte på skulane, elles møter vi dykk når det er behov.

Nye møtedatoar våren 2010:

05.03.10	Dalsøyra skule	kl. 08.30–10.00
09.03.10	Eivindvik skule	kl. 12.00–13.30
22.03.10	Brekke skule	kl. 09.10–10.40
08.04.10	Byrknes skule	kl. 08.30–10.00

## Barnehage, SFO og musikk- og kulturskule

### Hovudutlysing av ledige plassar frå hausten 2010

Gulen kommune har barnehagetilbod på følgjande stadar: Brekke, Byrknes, Dalsøyra/Eidsbotn, Eivindvik/Haveland.

Private barnehagar: Lovisendal barnehage i Brekke og Sande barnehage på Ånneland.

Frå 15. august er det ledige plassar ved alle avdelingane.

Alle skulane (Brekke, Byrknes, Dalsøyra, Eivindvik) har tilbod om SFO.

Musikk- og kulturskulen gir tilbod i alle skulekrintane.

### Praktiske opplysningar om søknad og prisar:

Søknadsskjema finn de på Gulen kommune si heimeside: [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no) under menyen Sjølvbetening - Søknadsskjema. Søknad om plass i barnehage og SFO må leverast

elektronisk – også søknad til private barnehagar. NB! Du treng ikkje passord for å sende søknad.

Dei som har plass i barnehage, men ynskjer utviding/reduksjon, melder endringsynskje på si personlege barnehageside. På heimesida, under menyen barn og familie – barnehage finn du lenke til sida.

Det må søkjast på nytt kvart år om plass i SFO og musikkskule.

Søknad om plass i musikk- og kulturskulen skal sendast Gulen musikkskule, 5961 Brekke.

### Søknadsfrist er 1. april for alle tilboda.

Takstar, foreldrebetaling pr. måned:

Barnehage:	5 dagar pr. veke	kr 2 330
	4 dagar pr. veke	kr 2 000
	3 dagar pr. veke	kr 1 400
	2 dagar pr. veke	kr 930

Søskenmoderasjon: 30 % for barn nr. 2, 70 % for barn nr. 3

SFO	Heil plass	kr 1 500
(meir enn 8 t. pr. veke)		
	Halv plass	kr 750
(2,5 - 8 timar pr. veke)		
	2 t/veke	kr 380

Moderasjonsordning som barnehagen, ved heil plass.

Musikk – kulturskulen: Kr. 2.150 pr. år.

### Skule- og barnehagerute 2010/2011

Hovudutval for undervisning har fastsett ferie- og fridagar for skulen, og planleggingsdagar for barnehagane for neste skuleår. Vedtaket er lik:

#### Grunnskulen:

August: Første skuledag: Måndag 16.

Oktober: Haustferie måndag 11. til fredag 15.

Desember: Siste skuledag før jul: tsdag 21.

Januar: Første skuledag: måndag 3.

Februar: Vinterferie måndag 21. – fredag 25.

Byrknes barnehage og skule: veke 9

April: Siste skuledag før påske: fredag 16.  
Første skuledag etter påske: tysdag 26.

Mai: Elevfri dag: måndag 16.

Juni: Elevfri dag: fredag 3.  
Siste skuledag: fredag 17.



## Planleggingsdagar i barnehagane

Fredag 13. august  
Mån/tys. 11. og 12. oktober  
Mandag 3. januar  
Fredag 3. juni

## Kulturmidlar for 2010

Kulturkonsulenten minnar om at fristen for å søkje kulturmidlar for 2010 er **31. mars 2010**. Det kan søkjast midlar til:

- Kulturtiltak for born og unge
- Kulturmidlar til Almenne kulturtiltak

Det kan søkjast på same skjema for begge tiltaka, men merk om tiltaket er retta spesielt mot barn og unge (vert handsama av Ungdomsrådet).

For meir informasjon om kulturmidlane, sjå [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no) under Søknadsskjema.

## Ny kommuneblomst i Gulen

I samband med at Det Norske Hageselskap hadde 125-års jubileum i 2009, vart kommunane oppmoda om å kome med forslag til eigen **kommuneblomst**. Ein lokal komite vurderte dei innkomne forslaga, og strandnellik vart valt som nr. 1. Strandnelliken er ein flott representant i kystlandskapet, og klamrar seg fast langs den lange strandlina vi har i kommunen vår.



**Sogn og Fjordane Fylkeskommune, KS og Det Norske Hageselskapet har den 9. februar 2010 tildelt Strandnellik – Armeria maritima som Gulen kommune sin kommuneblomst.**

## Hjortejakta 2009 i Gulen kommune

Det vart tildelt 638 dyr i Gulen kommune for jaktseasonen 2009

Gulen var ein av to kommunar i Sogn og Fjordane som hadde jakttid frå 10.09 – 30.11, dei andre kommunane hadde stort sett jakt fram til 23.12. Det var nok mange ulike synspunkt på jakttida i Gulen og om det ville få innverknad på fellingsresultatet. Men vi fekk ein ny fellingsrekord på 566 dyr, med ein fellingsprosent på 88,7


	2009	2008	2007	2006	2005	2004
Tildelt totalt	638	603	516	481	454	448
Hannkalv	64	59	44	40	42	43
Hunnkalv	53	51	50	37	38	30
Hann 1,5 år	99	103	84	62	69	58
Hunn 1,5 år	86	99	81	74	68	73
Hann eldre	122	100	94	89	83	77
Hunn eldre	142	130	113	80	90	92
Totalt	566	542	466	382	390	373
Fellingsprosent	88,71	89,88	90,31	79,42	85,90	83,26

## Hjarteleg takk

Dementavdelingen på Gulen sjukeheim vil få sende ei takk for minnegåva etter Margit Hilmarsen sin bortgang. Prosjekt lindring ved rehabiliteringsavdelingen vil like eins rette ei takk for minnegåva etter Laila Haufe sin bortgang. Pengane er til glede både for pasientar, brukarar og personale. Tusen hjarteleg takk!!

Venleg helsing

Pasienter og personale ved Gulen sjukeheim v/  
Vivian Våge, avd.sjukepleiar (dementavd.)  
Joy Palmer, avd.spl (rehab.avd.)  
Nina Haveland Sleire, einingsleiar



## Vi i PU-tenesta vil takke alle samarbeidspartar i året som har gått

Magne Kvernøy  
Petra Hjartholm  
Bente Noranger  
Frøydis Slettevold  
Wergeland Halsvik  
Dalsøyra Eldresenter  
Dalsøyra skule.  
Me set stor pris på det fine samarbeidet.

Vil og takke for pengegåva Kjellevold omsorgsbustad fekk av Ytre Gulen Sanitetslag. Gåva vil vi bruke til nye hagemøbler. Me gleda oss til sommaren.

Vennleg helsing  
PU-tenesta i Gulen Kommune  
v/ Bjørg Johanne Haugland

Denne tabellen finn du på Hjorteviltregisteret ved å gå inn på [www.hjortevilt.no](http://www.hjortevilt.no)

## **Dette skjer i kyrkja**



### **21. februar kl. 11.00:**

Gudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik

### **28. februar kl. 11.00:**

Gudsteneste i Brekke kyrkje

### **7. mars kl. 11.00:**

Familiegudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik

### **7. mars kl. 15.30:**

Gudsteneste i Mjømna kyrkje

### **14. mars:**

Ikkje gudsteneste

### **21. mars kl 11.00:**

Gudsteneste i Brekke kyrkje

### **28. mars kl. 15.30:**

Familiegudsteneste på Byrknes Bedehuskapell

### **1. april kl. 19.30:**

Påskemåltid i Gulen kyrkje, Eivindvik

### **2. april kl. 11.00:**

Gudsteneste i Brekke kyrkje

### **2. april kl. 15.30:**

Gudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik

### **4. april kl. 11.00:**

Høgtidsgudsteneste i Gulen kyrkje

### **4. april kl. 15.30:**

Høgtidsgudsteneste i Brekke kyrkje

### **5. april kl. 11.00:**

Høgtidsgudsteneste i Mjømna kyrkje

### **11. april kl. 14.00:**

Samtalebudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik  
Alle konfirmantar i kommunen deltek

### **18. april kl. 11.00:**

Gudsteneste i Mjømna kyrkje

## **Tusen takk!**

Sone Eivindvik og Gulen sjukeheim vil med dette få takke for blomar og gåver me har mottatt i forbindelse med jula og året som har gått, og samstundes ønskje alle eit riktig godt nytt år.

Takker også dei frivillige for hyggjestundene de har stelt i stand i året som har gått, og voner på vidare samarbeid i året som kjem.

Me vil samstundes takke Nordgulfjorden sanitet og Eivindvik sanitet for flott og trivelig juletefest på høvesvis Gulen sjukeheim og Eivindvik bu- og omsorgssenter. Det var ei hyggjeleg stund for både bebuarar og personalet.

Venleg helsing

Bebuarar og personalet ved Gulen sjukeheim og Eivindvik bu- og omsorgssenter  
v/einingsleiar Nina Haveland Sleire



## **Takk**

Takk til alle som ga oss "lopper", og til dei som kjøpte "lopper" og mat då me arrangerte loppemarknad 24. januar! Dette var kjekt! Helsing 9. klasse m. foreldre, Brekke skule.

Liv Brekken, klassekontakt



**NAV Gulen**



For deg som har tidsavgrensa uførestønad er fyrste innsending av meldekort 15. mars.

For deg som har Rehabiliteringspengar er fyrste innsending av meldekort 8. mars.

## **Leilegheit til leige**

Leilegheit til leige på Haveland.  
Tre soverom, stove og kjøkkenkrok.  
Eigen inngang, varmpumpe og tilgang til internett.  
Husleige pr måned: 5000,-

Torbjørge Haveland  
Tlf: 57 78 58 46 mob: 402 42 160

Neste utgåve av Infoposten vert sendt ut tysdag 20. april. Dersom har tips eller innspel til neste utgåve, kan du sende oss ein mail til [postmottak@gulen.kommune.no](mailto:postmottak@gulen.kommune.no)